




Kartlegging og verdsetting av

Naturtypar i Ulvik



Ulvik herad og
Fylkesmannen i Hordaland
2005

Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Ulvik

Ulvik herad og
Fylkesmannen i Hordaland
2005

MVA-rapport 5/2005

Foto på framsida, ovanfrå (Foto: Rannveig Djønne):

1) Strandeng og strandsump i Ulvikpollen, 2) Raudsildre, 3) Gråor-heggeskog i Norddalen, 4) Bergveronika, 5) Slåtteeng på Ljono, 6) Takrøyr i brakkvatn ved Hjeltneskaien

| | | |
|---|--|--|
| Ansvarlege institusjonar Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga | Rapport nr: MVA-rapport 5/2005 | |
| Tittel: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Ulvik. | ISBN: 82-8060-044-2 ISSN: 0804-6387 | |
| Forfattar: Rannveig Djønne | Tal sider: 50 | |
| Kommunalt prosjektansvarleg: Torbjørg Austrud (plan- og miljørettleiar) | Dato: 25.02.2005 | |
| Samandrag: <p>Føremålet med prosjektet har vore å kartlegge og verdisette naturtypar som er viktige for biologisk mangfald i Ulvik herad. Målet er at denne oversikta over viktige naturområde skal bli brukt i arealplanlegginga, slik at ein kan ta omsyn til desse viktige områda.</p> <p>Informasjon er samla inn ved hjelp av litteratursøk, informasjon frå fagfolk, bruk av lokal kunnskap og feltarbeid. Metodikken følgjer DN handbok 13-1999: <i>Kartlegging av naturtyper og verdisetting av biologisk mangfold</i>.</p> <p>15 av naturtypane skildra i DN-handboka er registrerte i Ulvik. Det er registrert til saman 51 lokalitetar som er verdisett etter ein tredelt skala. 18 område er vurdert som svært viktige (A-område), 22 som viktige (B-område) og 11 som lokalt viktige (C-område).</p> <p>Kvar enkelt lokalitet er gitt ein eigen omtale og alle lokalitetane er avgrensa på kart og digitaliserte. Kart over kommunen og faktaark for kvar enkelt lokalitet ligg ved rapporten.</p> | | |
| Referanse: Djønne, R. 2004. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Ulvik. – Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 5/2005: 1-50. | | |
| Emneord: Biologi, botanikk, flora, naturtypar, raudlistearter, vegetasjon | | |
| Ulvik herad 5730 Ulvik Tlf: 56 52 70 00, Faks: 56 52 70 01 www.ulvik.kommune.no |  v/Rannveig Djønne Ullensvang | Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00 Fax:55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland |

FORORD

Arbeidet med kartlegginga av naturtypar i Ulvik kom i stand som ein del av ei sentral politisk målsetting om at alle kommunar i landet skulle ha gjennomført kartlegging og verdisetting av viktige område for biologisk mangfald på sine areal (St.meld 58, 1996-97, Miljøvernpolitikken for en bærekraftig utvikling). Gjennom eit samarbeid mellom fylkesmannen i Hordaland, Ulvik og Granvin herad kom ein i gang med dette arbeidet i Ulvik i år 2000. Målet var å få ei oversikt over dei viktigaste naturområda i Ulvik herad, slik at ein gjennom arealplanlegginga kan sikra at desse områda vert tekne omsyn til i framtida.

Ulvik er ein kommune med stort areal, mesteparten ligg over tregrensa og er lite påverka av menneskeleg aktivitet. Registreringa av naturtypar byggjer i hovudsak på ei samanstilling av lokalitetar som har vore påviste opp gjennom tidene, og min påstand er at ennå ligg mykje att som vi ikkje kjenner til. Likevel er denne registreringa så viktig fordi ein lett finn fram den kjende naturverdien av eit område eller ein lokalitet og kan ta omsyn til desse verdiane alt i plansamanheng. Eventuelle konfliktpunkter vil koma fram på eit langt tidlegare stadium i prosessen enn tidlegare når det var meir tilfeldig kva planleggjarane fann av opplysningar i litteratur og gjennom samtalar med lokale informantar.

Rannveig Djønne har gjort eit framifrå arbeid med å samla og systematisera kunnskapen og presentera denne på ein lettfatteleg måte. Fylkesmannen i Hordaland har digitalisert karta. Dagens teknologi gjer det enkelt å komplettera med ny kunnskap i form av nye opplysningar om kjende lokalitetar eller i form av heilt nye område som vert oppdaga.

Ein førebels rapport vart presentert for politikarar i Ulvik i 2001 og ligg til grunn for arbeidet med arealdelen til heradsplanen vedteken i 2003.

Rapporten vil med fordel kunna nyttast i undervisninga, både på ungdomsskulen og på vidaregåande skule, for å auka kunnskapen om lokale naturkvalitetar og knyta undervisninga opp mot lokale døme.

Ulvik, 25.januar 2005

Torbjørgh Austud
Plan- og miljørettleiar

INNHALD

| | |
|--|-----------|
| FORORD | 5 |
| INNHALD..... | 7 |
| 1. INNLEIING..... | 9 |
| Føremålet med prosjektet | 9 |
| Kva er biologisk mangfald? | 9 |
| Bakgrunn for kartlegging av biologisk mangfald i kommunane | 9 |
| Trugsmål mot biologisk mangfald | 9 |
| Kvifor ta vare på biologisk mangfald ? | 10 |
| 2. FRAMSTILLING OG BRUK AV BM-KART | 11 |
| Kva skal kartleggast? | 11 |
| kartframstilling | 11 |
| Brukarar | 11 |
| Oppdatering og revisjon | 11 |
| 3. GJENNOMFØRING AV KARTLEGGINGA I ULVIK..... | 12 |
| Organisering | 12 |
| Kjelder til informasjon | 12 |
| Informasjon til allmenta | 12 |
| Feltarbeid | 12 |
| Kartfesting | 12 |
| Fotodokumentasjon | 12 |
| 4. NATURGRUNNLAGET I ULVIK | 13 |
| Geografi | 13 |
| Geologi | 13 |
| Klima | 13 |
| Vegetasjon | 13 |
| 5. NATURTYPAR..... | 14 |
| Generelt | 14 |
| Naturtypar i Ulvik | 15 |
| Myr (A) | 15 |
| Rasmark, berg og kantkratt (B) | 17 |
| Fjell (C) | 17 |
| Kulturlandskap (D) | 18 |
| Ferskvatn/våtmark (E) | 19 |
| Skog (F) | 20 |
| Havstrand/Kyst (G) | 21 |
| 6. RAUDLISTEARTAR | 23 |
| 7. LITTERATURLISTE | 25 |
| 8. KART OG FAKTAARK | 27 |

1. INNLEIING

FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Føremålet med dette prosjektet har vore å kartleggje og verdisetje naturtypar som er viktige for biologisk mangfald i Ulvik herad. Målet er at ei oversikt over viktige naturområde skal bli brukt i arealplanlegginga, slik at ein kan ta omsyn til desse områda i framtida.

KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Variasjonen i den levande naturen rundt oss består av mange artar av plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre. Ein har fleire definisjonar på biologisk mangfald, men kort sagt omfattar biologisk mangfald variasjonen av økosystem (naturtypar), artar og genar (genetisk variasjon innan same art). I dette prosjektet er hovudvekta lagt på naturtypar eller økosystem

Ein reknar med at 13 millionar artar lever på jorda i dag. Av desse er berre ca. 1.8 millionar artar namngjevne og skildra av vitskapen (DN 1999b). I Noreg lever truleg 60000 artar utanom mikroorganismane. Sett i verds målestokk er det ein relativt beskjeden artsrikdom. Forklaringa på dette er vår nordlege lokalisering og at det berre er 10-12000 år sidan Noreg låg under isen. Artar har dermed ikkje hatt mykje tid til å vandra inn i landet. Trass den unge alderen syner landet vårt ein stor variasjon i naturtypar på grunn av Golfstraumen, skarpe klimagrader, variert geologi og topografi. I Noreg finn ein t.d. 10% av verdas lavartar, 10% av verdas soppartar og 7% av verdas moseartar (DN 1999a).

BAKGRUNN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE

Gjennom å skriva under på Riokonvensjonen for ivaretaking av biologisk mangfald i 1992, kom omsynet til biologisk mangfald på dagsorden i norsk politikk. I Stortingsmelding nr. 29 (1996-97) "Regional planlegging og arealpolitikk" er oppretthalding av biologisk mangfald både på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå ei av målsetjingane. Kommunen si rolle ved forvaltning av det biologisk mangfaldet er svært sentral, fordi det er ein direkte samanheng mellom korleis kommunane disponerer areala sine og eksistens av biologisk mangfald (Hågvar 1998).

Når kommunen skal gjera sitt for å ivareta det biologiske mangfaldet, må ein først skaffa ei oversikt over kva ein har av naturverdiar i kommunen. Det er først når ein veit kva ein har at ein kan gjera noko for å ta vare på det. Difor heiter det i Stortingsmelding nr. 58 (1996-97) at "*Alle landets kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfoldet på kommunens areal i løpet av 2003*".

Til hjelp for det kommunale kartleggingsarbeidet gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ein rettleiar som omtalar kva som skal kartleggast og korleis kartlegginga skal gjennomførast (DN-handbok 13-1999: Kartlegging av naturtyper. Verdisetjing av biologisk mangfold). I tillegg til å innarbeida informasjon om biologisk mangfald i kommune- og arealplanar, skal resultatane av kartlegginga inngå i ein nasjonal arealstatistikk (DN 1999a).

TRUGSMÅL MOT BIOLOGISK MANGFALD

Det er naturleg at artar døyr ut, men på grunn av menneskeskapte aktivitetar har hastigheita for utdøying auka i forhold til det naturlege. Hovudårsaka til dette er at tropeskogane skrumpar, men alle land i verda har sine utfordringar på dette området. Utryddinga av artar vert sett på som eit av dei viktigaste og største miljøtrugsmåla verda står ovanfor i dag (Hågvar 1998).

I Noreg er 3062 artar truga av utrydding eller kraftig reduksjon i bestandane (raudlista artar). Trugsmåla det biologiske mangfaldet står ovanfor er mange:

Arealdisponering. Bruksendring av areal og nedbygging utgjer truleg det største trugsmålet mot bevaring av biologisk mangfald i Noreg i dag. Enkeltinngrepa er ofte små, men dersom inngrepa vert mange nok kan summen av desse gje store negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet.

Forsuring og forureining. I dei mest utsette områda har sur nedbør ei negativ verknad på biologisk mangfald. Alle typar forureining som overstig naturlege tålegrenser utgjer trugsmål mot det biologiske mangfaldet. Det gjeld spesielt oljefoureining, miljøgifter som tungmetall, sprøytemiddel, og overgjødsling (eutrofiering).

Overbeskatning av bestandar. Det er her i fyrste rekkje tenkt på overfiske i havområda som medfører bortfall av næringstilgong av marine artar. Kan og omfatta utilsikta bifangst (til dømes i garn) faunakriminalitet og overdriven innsamling til samlingar. Tidlegare var overbeskatning av bestandar eit stort problem. I dag er overbeskatninga hovudsakleg knytt til nokre marine fiskebestandar.

Spreiing av framande organismar. Innførsle og spreiiing av ikkje-heimlege artar til Noreg eller innan delar av landet kan medføra konkurranse med og predasjon på heimlege artar. Omfattar og spreiiing av framande sjukdomar.

Klimaendringar er òg eit trugsmål som vil kunne gjera seg meir og meir gjeldande.

KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD ?

Ein kan peika på tre hovudargument for kvifor det er viktig ta vare på biologisk mangfald (Hågvar 1995):

- Økologiske argument: Alle livsformer har ulike funksjonar i naturen. Ein lyt difor ta vare på mangfaldet for å oppretthalda samspelet i naturen
- Nytteargument: Svært mange artar er til nytte for mennesket allereie. Likeins kan artar koma til nytte for oss i framtida.
- Ethiske argument: Alle livsformer og økosystem har ein eigenverdi. Framtidige generasjonar bør få overta ei jord med same mogelegheit for å nytta ressursar og oppleve naturen som oss.

2. FRAMSTILLING OG BRUK AV BM-KART

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegginga av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekomst av raudlisteartar (DN-rapport 1999-3)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Ulvik kommune har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde (Overvoll & Wiers 2002).

KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale innsynsverkty, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvaltning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

BRUKARAR

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

OPPDATERING OG REVISJON

Ei kartlegging av det biologiske mangfaldet vil aldri vere endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg ved suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte jamleg. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

3. GJENNOMFØRING AV KARTLEGGINGA I ULVIK

ORGANISERING

Kartlegginga har vore eit samarbeidsprosjekt mellom herada Granvin og Ulvik. Rannveig Djonne har vore felle prosjektkoordinator, og vi har drege veksling på å ha den same metodikken og å spreia informasjon om prosjektet i lag. Plan- og miljørettleiar Torbjørg Austrud har vore kontaktperson i Ulvik herad. Kontaktpersonar for Granvin herad har vore skogbrukssjef Haakon Innset og jordbrukssjef Hilde Gunn Stenseth.

KJELDER TIL INFORMASJON

Noko bakgrunnsmateriale vart framskaffa frå Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling ("startpakken"). Berggrunnskart og økonomisk kartverk vart gjennomgått ved oppstarten av kartlegginga.

Ei av dei viktigaste kjeldene til informasjon har vore einskildpersonar sine kunnskapar om floraen i Ulvik. Geir Flatabø har bidratt med mykje informasjon og vore med på delar av feltarbeidet. Wenche Eide, stipendiat ved botanisk institutt ved Universitetet i Bergen, har kome med opplysningar frå området rundt Finse. Samstundes har grunneigarar og andre som ein har møtt under feltsesongen kome med nyttig informasjon.

INFORMASJON TIL ALLMENTA

Avisa *Hordaland* vart nytta som til å spreia informasjon om prosjektet. Ein oppstartsartikkel markerte byrjinga på arbeidet i Ulvik og Granvin. Sommaren 2000 fekk ein òg avisa til å arrangera ein konkurranse for å kåra det største bar- og lauvtreet i regionen.

To artiklar vart trykte i den lokale informasjonsfaldaren *Heradstidene*. I desse artiklane la ein vekt på å informera om prosjektet, og å få tak i ressurspersonar.

Politikarar vart informerte om framdrifta og resultat frå kartlegginga på eit møte hausten 2001.

Attåt den nemnde "marknadsføringa" av prosjektet la ein vekt på å informera grunneigarar om kartlegginga under feltarbeidet.

FELTARBEID

Feltarbeid vart gjennomført sommaren 2001 og sommar/haust 2002. Ein har ikkje hatt moglegheit å utarbeida fullstendige artslistar for kvar lokalitet, men har forsøkt å få nok opplysningar til å klara å sette riktig verdi dei ulike lokalitetane.

KARTFESTING

Kartfestinga har føregått i felt eller ved hjelp av litteratur. Lokalitetane har vorte avmerkte på manuskart i målestokk 1:5000 eller 1:50 000. Kartopplysningane har deretter blitt digitaliserte slik at heradet kan bruke dei i det digitale kartverktøyet sitt.

FOTODOKUMENTASJON

Mange av lokalitetane er fotograferte. Desse fotoa er levert kommunen digitalt. Fotografar har vore Hans A. Haugse og Rannveig Djonne.

4. NATURGRUNNLAGET I ULVIK

GEOGRAFI

Ulvik herad ligg i Indre Hardanger i Hordaland fylke (sjå framside). Nabokommunar i Hordaland er Eidfjord, Ullensvang, Voss og Granvin. Lengst aust grensar Ulvik til Hol i Buskerud, og i nordaust er grensa mot Aurland i Sogn og Fjordane. Heradet dekkjer eit areal på ca. 720 km². At heile 685 km² av desse ligg over 300 moh. seier mykje om Ulvik som fjellkommune (sjå også Kart 1). Inst inne i Ulvikfjorden finn ein dei slakaste dalsidene i låglandet i heradet, og det er her bygdesenteret ligg. Elles bur folk spreidd i grendene Finse, Osa og Vangsbygda. På Bangstronda på austsida av Osafjorden er det i dag ingen fastbuande. Ulvik herad har 1200 innbyggjarar.

GEOLOGI

Store delar av heradet ligg i eit større grunnfjellsområde med harde bergartar som granitt og gneis som forvitrar lite og dermed er næringsfattige. Unntaka finn ein i nordvest mot grensa til Granvin. Her ligg eit stort dekke av fyllitt som er omdanna leirslam frå prekambrium. Nokre av desse områda inneheld fyllittskifer. Kalkrik berggrunn, som ofte gjev grunnlag for næringsrikt jordmonn, finn ein og att i den nordlege delen av heradet og rundt Hardangerjøkulen aust i heradet. Den marine grensa i Ulvik ligg på rundt 100-120 moh. (Sigmond 1998).

KLIMA

Klimaet i Ulvik er ein mellomting av kystklimaet sine milde vintrar og kalde somrar og dei varme somrane og kalde vintrane ein finn i innlandet. Årsaka til dette er at heradet vert påverka både av fjordstraumane sine temperaturregulerande verknader, og heradet si meir kontinentale plassering. Dei store topografiske skilnadene innan heradet påverkar lokalklimaet mykje, og dei høge fjella langs fjorden fører til sær sars varierende solinnstråling gjennom året og døgeret.

VEGETASJON

Vegetasjonssona i låglandet langs fjorden i Ulvik vert kalla sørboreal sone eller sørleg barskogsone (Moen 1998). Barskogen dominerar, men ein finn areal med oreskog, samt bestandar med edellauvskog. Typisk for denne sona er eit sterkt innslag av artar med krav til høg sommartemperatur. Varmekjære treslag som alm, lind, hegg, eik, ask og hassel finn ein i hovudsak rundt Ulvikpollen, i varme urer og i næringsrike fyllittskrånningar som t.d. i Norddalen. Alm kan ein finna opp til ca. 550 moh., og hassel opp til 500 moh. Eik er det mindre av i Ulvik enn lengre ute langs Hardangerfjorden. Det gjeld òg svartor som det finst lite av her inne. Ulvik ligg vest for grana sitt naturlege vekseområde i Noreg, men sidan 1900-talet har mykje av furu- og lauvskogen vorte bytt ut med granplantefelt. Ei oversikt over skog og jordbruksareal i Ulvik er vist på Kart 1.

I den mellomboreal sona (midtre barskogsone) frå ca. 500 moh. til 700 moh. dominerer furua. Sona opp mot skoggrensa på om lag 800 moh. vert kalla nordboreal sone (nordleg bar- og bjørkeskogsone), og er dominert av bjørk med innslag av gråor og rogn. Over skoggrensa finn ein dei låg-, mellom og høgalpine sonene. Lågalpin og sone er karakterisert av blåbærhei og viersamfunn. I den mellomalpine sona dominerar grasheiar og snøleier, medan høgalpin sone som t.d. område rundt Hardangerjøkulen, manglar samanhengjande dekke av karplantar.

Floraen i Ulvik inneheld både artar som høyrer heime langs kysten, t.d. jordnøtt, blåknapp, pors og villapal, og artar som ein vanlegvis finn på austsida av Langfjella, som tyrihjelms og moskusurt (Kløve-Graue 1990).

5. NATURTYPAR

GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). 50 av desse naturtypane finst også i Hordaland. Naturtypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriterium som er brukt ved utveljinga av kva naturtypar som skal kartleggast er:

Førekost av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er trua eller i tilbakegang, ofte ved at habitatet/leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsle beite- og slåttemarkar.

Særlig artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med potensialet i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel òg viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. I Ulvik er område med havstrand og strandeng døme på dette. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er fossesprøytoner, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterium som støtte under verdivurderinga.

| Kriterium for verdsetting: |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Storleik• Grad av tekniske inngrep• Førekost av raudlisteartar• Kontinuitetspreg• Sjeldne utformingar |

| Skala for verdsetting: |
|------------------------|
| A: Svært viktig |
| B: Viktig |
| C: Lokalt viktig |

NATURTYPAR I ULVIK

I Ulvik herad er det registrert 14 naturtypar av dei som er skildra i DN-handboka (Tabell 1). Alle dei sju hovudnaturtypane er representert. Det er òg registrert fire lokalitetar som ikkje blir fanga opp av DN-handboka, men som er viktige lokalt (eit våtmarksområde, ein havstrandslokalitet og to område med spesielle artsførekomstar). Totalt 51 lokalitetar er kartlagte, og korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypane går fram av Tabell 1 (Ved grundigare undersøkingar av dei ulike lokalitetane vil verdivurderinga kunne endra seg!). Den geografiske fordelinga er vist på Kart 2 og ei liste over lokalitetane er gitt i Tabell 3. Kvar enkelt lokalitet er gitt ein eigen omtale bak i rapporten (s.).

Tabell 1. Kartlagte lokalitetar i Ulvik fordelt på naturtype og verdi.

| Hovudtype (tal lokalitetar) | Undertype | Kode | Verdi | | | Total* |
|--------------------------------|---------------------------|------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| | | | A | B | C | |
| Myr (6) | Rikmyr | A05 | - | 1 | - | 1 |
| | Kjelde og kjeldebekk | A06 | - | 2 | - | 2 |
| | Andre viktige førekomstar | H00 | - | - | 3 | 3 |
| Rasmark, berg og kantkratt (4) | Sørvendt berg og rasmark | B01 | 3 | 1 | - | 4 |
| Fjell (12) | Kalkrike område i fjellet | C01 | 5 | 6 | - | 11 |
| | Andre viktige førekomstar | H00 | - | - | 1 | 1 |
| Kulturlandskap (14) | Slåtteenger | D01 | 3 | 3 | - | 6 |
| | Hagemark | D05 | 2 | 4 | - | 6 |
| | Store, gamle tre | D12 | - | 2 | - | 2 |
| Ferskvatn/våtmark (3) | Dammar | E09 | - | - | 2 | 2 |
| | Andre viktige førekomstar | H00 | - | - | 1 | 1 |
| Skog (8) | Rik edellauvskog | F01 | 4 | - | - | 4 |
| | Gråor-heggeskog | F05 | - | 1 | 1 | 2 |
| | Bjørkeskog med høgstauder | F06 | - | 1 | - | 1 |
| | Andre viktige førekomstar | H00 | - | - | 1 | 1 |
| Havstrand/kyst (4)* | Undervasseng | G02 | 1 | - | - | 1 |
| | Strender (steinstrand) | G04 | - | - | 1 | 1 |
| | Strandeng og strandsump | G05 | 1 | - | 1 | 2 |
| | Brakkvasspollar | G08 | 1 | - | - | 1 |
| | Kalkrike strandberg | G09 | - | 1 | - | 1 |
| Totalt* | | | 20 | 22 | 11 | 53 |

* Det er kartlagt 51 lokalitetar i Ulvik (Tabell 3, Kart 2). Ulvikpollen (lok. 47) inneheld fleire naturtypar (G02, G05 og G08), og dette er grunnen til at talet på naturtypeførekomstar er høgare enn talet på lokalitetar.

Myr (A)

I ei myr går nedbrytinga av daudt organisk materiale så seint at ein får ei opphoping av delvis omdanna materiale, torv. Difor kan ein seia at myrer både produserer og avset sitt eige vekstsubstrat. Omlag 10 % av landarealet i Noreg er dekt av myr. Ein finn mest av naturtypen i dei nordlege delane av austlandet, dei indre delane av Midt-Noreg, og indre delar av Finnmarkvidda.

Ein har to hovudtypar av myr, *Jordvassmyrar (mineretrofe myrar)* som får tilført næring frå grunnvatnet og *nedbørsmyrar (ombrotrofe myrar)* som får næringsstoffa tilført gjennom nedbør. Oftast vil myrer vera kombinasjonar av desse to typane, såkalla myrkompleks.

Mange artar er knytt direkte til myr. Med den kunnskapen ein har i dag veit ein at ei rekkje raudlista torvmosar og karplantar er tilpassa til å leva i denne naturtypen. I tillegg verkar myr-

rer som viktige funksjonsområde for enkelte fugleartar. Myra fungerer òg som vassmagasin for bekkar og elver i tørrare periodar, og på grunn av den lange opphaldstida verkar myrer også reinsande på vatn.

Dei største låglandsmyrane i Ulvik ligg på Åsen. Ingen av desse fell direkte inn under naturtypar skildra i DN-handboka, men er tekne med som *Andre viktige førekomstar*. Attåt dette finn ein nokre myrområde som er tekne med under *Kalkrike område i fjellet* og *Ferskvatn/våtmark*. Av myrtypar skildra i DN-handboka er to funne og kartfesta i Ulvik, dei er fordelte på tre lokalitetar (Tabell 1 og 3).

Rikmyr (A05)

Jordvassmyrar finn ein hovudsakleg på kalkrik berggrunn. Botnsjiktet vert dominert av andre moseslekter enn torvmose, og minst ein av følgjande artar inngår: myrstjernemose, raudmakkose, stormakkose. Feltsjiktet vert ofte dominert av grasartar. Spesielt i låglandet er rike myrer i dag sjeldne. Døme på karakteristiske artar for ekstrem rikmyr er brunskjene og sotstarr. På middels rik myr er jåblom, sveltull, breiull og stormakkose gode karakterartar. Fleire raudlista artar (t.d. insekt og karplantar) finn ein utelukkande på rike og ekstremrike myrer. *Ei* rikmyr er registrert i Ulvik (lok. 4).

Kjelde og kjeldebekk (A06)

Oppkomer og bekkestrekningar nedstraums desse er karakterisert av jamn vassføring (aldri uttørring), jamn vassstemperatur og høgare kalkinnhald enn kringliggjande naturtypar. Kjeldene opptrer ofte i kontaktsona fastmark/myrkant, gjerne i tilknytning til kalkrike skogtypar og rikmyr. Sjølv kjelda/kjeldekanten er karakterisert av ein spesiell mosevegetasjon dominert av mellom anna kjeldemoseartar og tuffmosar. Naturtypen er sjeldan, og har spesiell hydrologi og vasskjemi, og veldig stabile økologiske forhold. Ein kan difor finna artar her som ikkje førekjem elles i vassdraget.

To lokalitetar er registrerte i Ulvik, begge ligg på Sævartveit i Osa (lok. 5 og 6).



Ei av oppkomene på Sævartveit. Foto: Rannveig Djonne

Rasmark, berg og kantkratt (B)

I denne hovudnaturtypen finn ein naturtypar som er knytt til både tresett og ikkje tresett vegetasjon under skoggrensa. Særleg lokalitetar som har eit varmare lokalklima enn det omkringliggjande miljøet, er interessante i biologisk mangfald perspektiv. Ofte har rasmarkene ekstrem topografi eller ustabil jordsmonn som gjer lokalitetane relativt ljosopne, samt at dei i hovudsak er vendt mot sør, søraust eller vest. Ein skal her leggja vekt på å kartleggja velutvikla førekomstar med kalkrik/baserik berggrunn.

Sørvendt berg og rasmark (B01)

Berg og rasmarker, særleg på kalkrik mark, utgjer ein spesiell naturtype som er rik på artar, også raudlisteartar. I Ulvik er det stor overlappe mellom naturtypane *edellauvskog* (F01), *sørvendt berg og rasmark* (B01) og *kalkrike strandberg* (G09). Fleire av lokalitetane som er registrert som edellauvskog kunne ein også ha plassert under rasmark, men dei edle lauvtræ har vore hovudelementa i lokalitetane. Fire lokalitetar er kartlagte i Ulvik, men høgareliggande, trelause og bratte rasmarker oppe under fjellsidene er ikkje undersøkte.

Fjell (C)

Med fjell meiner ein områda over den klimatiske skoggrensa (DN-handbok 13). Dette er store areal, men i samanheng med biologisk mangfald er det berre dei kalkrike områda som skal kartleggast.

I Skandinavia er fjellområda mindre påverka av menneske enn dei fleste andre stader i Europa. Men fleire stader er samansettinga av artar påverka av intensivt beite frå hovudsakeleg sau eller rein. Ei rekkje raudlista karplantar, soppar, insektartar, fuglar og pattedyr er knytt til fjellet.

I fjellet finn ein yttergrensene for kvar det er mogeleg å overleva, og marginane vert difor små. Klimaet spelar ei viktig økologisk rolle. Dessutan er tilgangen på næringsstoff og ein avgjerande faktor. Når det gjeld biologisk mangfald skil difor dei kalkrike områda seg ut som spesielt viktige. I Ulvik finn ein fleire kalkrike område i fjellet fordi heile fjellområdet mellom Granvin og Ulvik er dekkja av fyllitt. Kalkrike område finn ein òg i fjelltraktene på og rundt Hardangervidda t.d. i Øvre Grøndalen og på Finse. 11 kalkrike område i fjellet i Ulvik er kartfesta gjennom denne kartlegginga (Tabell 1 og 3), men det finst nok fleire. Dei kartfesta lokalitetane har behov for ein gjennomgang for meir nøyaktig avgrensing og vurdering.



Rosenrot er ein av plantane ein kan sjå på veg opp Norddalen. Foto: Rannveig Djønne



Raudsildra møter ein som eit fargesprakande teppe tidleg om våren i Norddalen. Foto: Rannveig Djønne

Kulturlandskap (D)

Kulturlandskap er i DN-handboka definert som område der kulturmarkstypen eller arealtypen og utvalet av artar er betinga av tidlegare og noverande arealbruk og driftsformer. I om lag 5000 år har ein drive jordbruk i Noreg. Einsidig hausting utan tilførsle av gjødsel gjennom mange hundre år, førte til danning av urterike og artsrike engareal. Fleire karplantar, sopp-, lav- og moseartar har tilknytning til det ugjødsla kulturlandskapet, og er i dag trua på grunn av endringar i driftsformer. Til saman 220 insektartar knytt til kulturlandskapet er raudlista. Fleire flaggermusartar, fuglar og piggsvin har hatt ei negativ utvikling på grunn av endringane (DN 1999a).

Som andre stader har moderniseringa i landbruket ført til store endringar i landskapet også i Ulvik, men framleis finn ein nokre stader der i alle fall spor etter gamle driftsformer kjem tydelig fram. 14 kulturlandskapsområde er kartfesta i Ulvik, dei fleste er slåtteeenger og hagemark (Tabell 1 og 3).



*Den urterike enga på Ljono (lok. 26)
vert slått på seinsommaren etter at plan-
tane har fått tid til å frøa seg.
Foto: Rannveig Djøanne*



*Nystyva ask i hagemarka på Tunheim (lok. 30).
Foto: Rannveig Djøanne*

Slåtteenger (D01)

Her vert graset slått og fjerna på ettersommaren. Tradisjonelt har ein i Ulvik og ofte litt beiting om våren og etterbeite om hausten. Naturtypen har gått sterkt tilbake. Oftast har engene blitt dyrka opp, og dei vert i dag tilført gjødsel. Dermed forsvinn artar som høyrer til naturenger. Ei rekkje sjeldsynte karplantar er knytt til slåttinger, mellom anna enkelte lite beiteterolante orkidear. 60% av dagsommarfuglane våre er knytt til kulturlandskapet, og ein stort del av desse har slåttemarker som viktige leveområde (DN 1999a).

Det er kartlagt 6 slåttinger i Ulvik, men mange av hagemarkene har òg innslag av slåttemark.

Hagemark (D05)

Hagemark er definert som tresett engmark og område med styva tre i skog. Kunnskapen om artsmangfaldet i hagemarker er generelt dårleg, men undersøkingar tyder mellom anna på at ei rekkje artar av lav, mosar, sopp og insekt berre førekjem på styva tre. Hagemarker kan òg ha mange artar knytt til eng og til solrik, open skogsmark (DN 1999a). Seks hagemarker er kartlagt i Ulvik.

Store gamle tre (D12)

Store og gamle, frittståande lauvtre i kulturlandskapet kan vera svært artsrike og representerer lang kontinuitet (DN 1999a). To slike store tre er registrerte i Ulvik (lok. 34 og 35), men det er ikkje gjort undersøkingar av barkflora eller fauna på desse trea.

Ferskvatn/våtmark (E)

Denne hovudkategorien femner om alle naturtypar som er avhengige av ope ferskvatn. Stillestående og rennande vatn i ulike utformingar er spreidd over heile Noreg med uvanleg stor tettheit, sjølv i verdsmålestokk. Vassdrag er artsrike oasar og spreingskorridorar i t.d. skogsområde og i intensivt drivne jordbrukslandskap. Drenering og utfylling av våtmarker, seinking av vasstand, lukking og utretting av bekker har gjort landskapet vesentleg tørrare dei siste tiåra. Forureining, attgroing, masseuttak og ferdsel trugar òg ferskvassområda våre. Ferskvatn og våtmark har difor stor tyding for biologisk mangfald (DN 1999a). To naturtypar tilhøyrande denne hovudkategorien, fordelt på tre lokalitetar, er kartlagt i Ulvik (Tabell 1 og 3). I tillegg er det registrert eit større våtmarksområde i fjellet under *Andre viktige førekomstar*.



Solskinstjørn (lok. 37) ligg på veg inn Norddalen. Foto: Rannveig Dønne.

Dammar (E09)

Små og grunne tjørn (vanlegvis under 50 x 50 m.), hovudsakleg i kulturlandskapet. Naturlege eller oppdemde. På grunn av tilbakegangen av denne naturtypen er mange av damartane raudlista. For at desse artane ikkje skal døy ut er det viktig at det ikkje er for langt mellom lokalitetane. I Ulvik er to lokalitetar kartlagt som dammar (lok. 37 og 37).

Skog (F)

Etter snauffjell er skog den vanlegaste naturtypen i Noreg. Halvparten av dei 44000 landlevande artane i landet vårt er knytt til dei varierte skogsområda (DN 1999a). Det same gjeld for dei raudlista artane. 45 % av dei raudlista artane i Noreg er knytt til biotopar i skog. Insekt og sopp utgjer dei største gruppene (DN 1999b). I Ulvik er tre skogtypar kartlagt, fordelt på 7 lokalitetar (Tabell 1 og 3). I tillegg er det kartlagt eit område med spesiell soppflora (lok. 49).

Rik edellauvskog (F01)

Skog av varmekjære lauvtre som ask, alm, eik, hassel, lind, svartor og spisslønn er restbiotopar frå eit tidlegare varmare klima. I dag utgjer edellauvskogar berre 1 % av skogsarealet i Noreg. Naturtypen er svært artsrik og mange raudlista artar, t.d. dvergspett og karplantane bergfaks og kvit skogfrue, er knytt til edellauvskog (DN 1999a). Fire lokalitetar med rik edellauvskog er kartlagte i Ulvik.

Høgstaude-bjørkeskog (F04)

I desse artsrike bjørkeskogane opp mot fjellet finn ein dominans av storvaksne urter og bregner med fleire store gras, men og innslag av låge urter. I dei høgast liggjande skogane er det vanleg med fjellplantar. Høgstaudeskogar er artsrike og produktive, men er relativt sjeldan habitat for sjeldne og truga artar. Eit område er avgrensa i Ulvik (lok. 43).

Gråor-heggeskog (F05)

Fuktig og næringsrikt miljø i denne naturtypen gjev grunnlag for høg produksjon og stort artsmangfald både av plantar og dyr. Opptil 3000 par fuglar pr. km² er registrert i gråor-heggeskogar, og fleire raudlista artar er knytt opp mot slike fuktige miljø. To område er avgrensa i Ulvik (lok. 44 og 45).



Frodig gråor-heggeskog i Norddalen (lok. 44). Foto: Rannveig Djøanne



I gråor-heggeskogen i Norddalen finn ein mellom anna den næringskrevjande arten firblad. Foto: Rannveig Djøanne

Havstrand/Kyst (G)

Denne hovudkategorien omfattar naturtypar knytt til miljø påverka av saltvatn. Der hav og land møtest har ein eit stort artsmangfald. To økosystem med svært ulik karakter skapar mange ulike leveområde for både flora og fauna. Relativt mange raudlista artar er knytt til kysten vår på grunn av sterkt press på strandsona, spesielt i Sør-Noreg (DN 1999a).

Strandlina i Ulvik er for det meste berg som stuper bratt i sjøen, men nokre interessante lokalitetar finst. I tillegg til Ulvikpollen naturreservat, som har element av både strandeng og strandsump (G05), undervasseng (G02) og brakkvasspollar (G08), er det kartlagt tre lokalitetar med lokal verdi: Ei rullesteinstrand ved Nesheimsanden, kalkrike strandberg ved Øyvinstå-Djupevik og ein takrøyrførekost i brakkvatn ved Hjeltnes.

Undervasseng (G02)

Naturtypen omfattar grunne område i salt-/brakkvatn ned til 2-3 m djupne. Er karakterisert av eit fåtal karplanteartar i brakkvatn, og vanlegvis er ålegras og brunalgar dominerande i saltvatn. Undervassenger i indre del av strandsona, med overgang til salteng og sumpar, er uvanlege naturtypar på landsbasis. Undervassenger i brakkvassområde har ofte svært særprega plantesamfunn. I Ulvik finn ein undervasseng i Ulvikpollen naturreservat.

Sandstrender (G04)

Grus- og steinstrender er ein variant av denne naturtypen. Plantesamfunna på strender har ofte eittårige artar ytst og fleirårige gras og urter på dei indre delane. Fleire av plantesamfunna på strender, særleg på indre delar, er sjeldne og kan innehalde sjeldne artar. Utfylling og nedbygging er aktuelle trugsmål mot naturtypen. Den einaste lokaliteten av verdi i Ulvik er registrert på Nesheimsanden (lok. 46).

Strandeng og strandsump (G05)

Strandenger er slake lausmassestrender med engvegetasjon av salttolerante grasartar og urter, som regelmessig blir oversvømt av sjøvatn. Strandenger blir òg ofte påverka av ferskvassig. Lenger utover går strandengene ofte over i strandsump. I Ulvikpollen naturreservat finn ein eit uvanleg godt døme på denne naturtypen, med strandsump som går over til strandeng lenger inne (lok. 47). I sjøkanten ved Hjeltnes finn vi ein takrøyrførekost (lok. 51) som kanskje òg kan reknast til denne naturtypen. Lokaliteten er teken med fordi takrøyr i brakkvatn er svært sjeldan i Hordaland.



Strandeng og strandsump i Ulvikpollen naturreservat (lok. 47). Her veks mellom anna den sjeldne arten firfling. Foto: Rannveig Djønne

Brakkvasspollar (G08)

Avstengte marine basseng, eller såkalla pollar, har ulik grad av marin påverknad gjennom tidevatnet. Brakkvasspollar er også i varierende grad påverka av tilførsel av ferskvatn. Blandinga av ferskvatn og brakkvatn skapar grunnlag for nokre av dei mest produktive biologiske systema ein kjenner. Delar av Ulvikpollen kan karakteriserast som brakkvasspoll, men det er ikkje gjort noko avgrensinga av dette området.

Kalkrike strandberg (G09)

Der berggrunnen består av baserike ("kalkrike") bergartar er vegetasjonen meir artsrik enn tilsvarende på hardare berggrunn. Grunna varierende eksposisjon og topografiske forhold kan det vera store variasjonar i plantedekket. I Ulvik finn ein strandberg med rik vegetasjon i eit område mellom Øydvinstå og Djupevik (lok. 48). Om berga ikkje er direkte kalkrike ber vegetasjonen likevel preg av at berggrunnen er relativt lettforvittra, og dette er i alle fall dei rikaste strandberga i Ulvik.



Takrøyrsmann i brakkvatn ved Hjeltneskaien (lok.51). Eit unikt floraelement i vestlandssamheng. Foto: Rannveig Djonne

6. RAUDLISTEARTAR

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte artar med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ein del av artane "nedst" på lista (DC og DM) er plasserte der mest av "føre var" grunnar fordi vi har liten kunnskap om dei. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette auka fokus på artar som er trua regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Mange av artane i dei to siste kategoriene i raudlista, DC og DM, særleg innan gruppene sopp, lav og mosar, er plasserte der fordi vi veit for lite om dei. Nokre av desse vil kanskje bli tekne ut av raudlista når kunnskapen om dei har blitt betre. På den andre side kan nye artar kome til som følge av ny kunnskap.

Denne rapporten byggjer på *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Dei ulike kategoriene ein finn i denne raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane held fram.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane held fram.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje blir rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen. (Mange artar ein har mangelfull kunnskap om er plasserte i denne kategorien)

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla *ansvarsartar*. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrensar.

Tabell 2. Funn av raudlisteartar av sopp, lav, mosar og karplantar i Ulvik. Kjelder: Botanisk inst. – UiB, Geir Flatabø pers. medd., Norsk Lavdatabase, Norsk Soppdatabase, Frisvoll og Blom (1997).

| Artsgruppe | Norsk namn | Vitskapeleg namn | Habitat | Raudliste-status |
|----------------|----------------------------|--|------------------|------------------|
| Karplantar (2) | Sølvasal | <i>Sorbus aria</i> | Skog | R |
| | Kvitkurl | <i>Leucorchis albida ssp.albida</i> | Skog/fjell | DC |
| Mosar (9) | Piggpistremose | <i>Cephaloziella phyllacantha</i> | Berg/knaus | E |
| | Raknikke | <i>Polia erecta</i> | Fjell | V |
| | Blakklundmose | <i>Brachythecium coruscum</i> | Berg/knaus/fjell | DM |
| | Snøvrangmose | <i>Bryum vermigerum</i> | Fjell | DM |
| | Buttklokkemose | <i>Encalypta mutica</i> | Berg/knaus | DM |
| | Sigdkismose | <i>Mielichhoferia mielichhoferiana</i> | Fjell | DM |
| | Viddepistremose | <i>Cephaloziella arctogena</i> | Fjell | DM |
| | Vrangflik | <i>Lophozia debiliformis</i> | Fjell | DM |
| | Broddhutremose | <i>Marsupella spiniloba</i> | Fjell | DM |
| Sopp (36) | Oreflugesopp | <i>Amanita friabilis</i> | Oreskog | V |
| | Svartnande kantarell | <i>Cantharellus melanoxeros</i> | Edellauvskog | V |
| | - | <i>Amylocorticium subsulphureum</i> | Barskog | R |
| | Silkesnyltehatt | <i>Asterophora parasitica</i> | Skog | R |
| | Lurvesøtpigg | <i>Bankera fuligineoalba</i> | Barskog | R |
| | Oransje blodrørsopp | <i>Boletus queletii</i> | Edellauvskog | R |
| | Kalktraksopp | <i>Clitocybe bresadoliana</i> | Tørreng mm. | R |
| | Karminslørsopp | <i>Cortinarius anthracinus</i> | Barskog | R |
| | - | <i>Hypochniciellum cremeoisabellinum</i> | Barskog | R |
| | Fiolettriske | <i>Lactarius violascens</i> | Edellauvskog | R |
| | Hasselskrubb | <i>Leccinum pseudoscabrum</i> | Edellauvskog | R |
| | Svartskjellet parasollsopp | <i>Lepiota felina</i> | Skog | R |
| | Prydhet | <i>Mycena renati</i> | Edellauvskog | R |
| | Vinterhette | <i>Mycena tintinnabulum</i> | Edellauvskog | R |
| | Brun topphatt | <i>Phaeocollybia arduennensis</i> | Barskog | R |
| | - | <i>Phlebia tristis</i> | Barskog | R |
| | Seig østerssopp | <i>Pleurotus dryinus</i> | Lauvskog | R |
| | Knollstilkjuke | <i>Polyporus tuberaster</i> | Edellauvskog | R |
| | Skjellsprøsopp | <i>Psathyrella cotonea</i> | Edellauvskog | R |
| | Brunfiolett kremle | <i>Russula brunneoviolacea</i> | Edellauvskog | R |
| | Jodoformkremle | <i>Russula turci</i> | Barskog | R |
| | - | <i>Thelephora anthocephala</i> | Lauvskog | R |
| | Kalkrøysopp | <i>Bovista tomentosa</i> | Tørreng mm. | DC |
| | Blek kantarell | <i>Cantharellus pallens</i> | Lauvskog | DC |
| | Dvergstanksopp | <i>Mutinus caninus</i> | Edellauvskog | DC |
| | Svartkvit sølvpigg | <i>Phellodon melaleucus</i> | Barskog | DC |
| | - | <i>Phlebia firma</i> | Barskog | DC |
| | Grå trompetsopp | <i>Pseudocraterellus undulatus</i> | Edellauvskog | DC |
| | Indigobarksopp | <i>Pulcherricium caeruleum</i> | Lauvskog | DC |
| | Duftkorallsopp | <i>Ramaria gracilis</i> | Barskog | DC |
| | Gullkremle | <i>Russula aurea</i> | Skog | DC |
| | Drueblå kremle | <i>Russula azurea</i> | Barskog | DC |
| | Blomkålsopp | <i>Sparassis crispa</i> | Barskog | DC |
| | Skumjuke | <i>Spongipellis spumeus</i> | Edellauvskog | DC |
| | - | <i>Trechispora lunata</i> | Barskog | DC |
| | Klokkemorkel | <i>Verpa conica</i> | Fjell | DC |
| Lav | ingen funn | | | |

7. LITTERATURLISTE

- Byrkjeland, S. 1996. Våtmarksreservat i Hordaland. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avdelinga. Faldar. 2 s.
- Dahl, E. 1984. En oversikt over plantesamfunn på Finse. - Rapport fra Høyfjellsøkologisk forskningsstasjon, Finse, Norge. Universitetene i Bergen og Oslo. 30 s.
- Direktoratet for naturforvaltning 1999a. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. - DN-håndbok 13-1999. 238 s.
- Direktoratet for naturforvaltning 1999b. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. - DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. - DN-notat 2000-5.
- Djønne, R. 2000. Kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad. Evaluering av kulturlandskapsarbeidet gjort i Sysehagen. Vidareføring av arbeidet til å omfatta Hakestadlia. 52 s.
- Frisvoll, A.A. og Blom, H.H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førebels faktaark. - Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Fylkesmannen i Hordaland 1980. Utkast til verneplan for edellauvskog i Hordaland fylke. s.27-38.
- Fylkesmannen i Hordaland 1991. Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland Fylke.s.34, 66-67.
- Fylkesmannen i Hordaland 2000. Hordaland, verdifulle kulturlandskap frå hav til fjell. - Brosjyre. 26 s.
- Hågvar, S. 1995. La naturen gå i arv. Veileder for bevaring av biologisk mangfold i kommunene. - Naturvernforbundet. 24 s.
- Hågvar, S. 1998. Det glemte miljøproblemet. - Kronikk i Dagbladet 11. Juni 1998. 2 s.
- Kløve-Graue, S. 1990. Ulvik – eit bygdelandskap i Hardanger. - Ulvik herad/LUF. 92 s.
- Lundberg, A. 1989. Havstrand i Hordaland - flora og vegetasjon. - DN-rapport nr. 9-1989. 286 s.
- Lundberg A. 1992. Havstrand i Hordaland – regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapport 1992-2. 181 s.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. - Statens Kartverk. 201 s.
- Odland, A. 1982. Botaniske undersøkelser langs Granvinvassdraget. - Botanisk institutt, rapport 21. Universitetet i Bergen. 60 s.
- Odland, A. 1992. Skjøtsel av våtmarksreservat i Hordaland. NINA Oppdragsmelding 172: 1-37.
- Overvoll, O. & Wiers, T. 2002. Viltet i Ulvik. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. - Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1/2002: 1-48.
- Rabben, J. 1987a. Verna myr i Hordaland. - Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avdelinga. Faldar 2 s.
- Rabben, J. 1987b. Verna edellauvskog i Hordaland. - Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avdelinga. Faldar, 2 s.
- Rye, N. 1977. Geologien i Ulvik prestegjeld. - Særtrykk av bygdebok for Granvin, Ulvik og Eidfjord.
- Sigmond, E.M.O. 1995. Geologisk kart over Norge. Berggrunnsgeologisk kart ODDA, M 1:250 000. Norges geologiske undersøkelse.

Kart og faktaark


Tabell 3. Kartlagte naturtypelokaliteter i Ulvik.

| Lok. | Namn | Naturtype | Areal (da) | Verdi |
|------|------------------------|---|------------|-------|
| 1 | Hjelmemyr | Andre viktige førekomstar (H00): Låglandsmyr | 12,9 | C |
| 2 | Storemyr | Andre viktige førekomstar (H00): Låglandsmyr | 12,2 | C |
| 3 | Tranemyr | Andre viktige førekomstar (H00): Låglandsmyr | 22,6 | C |
| 4 | Stokkevatn | Rikmyr (A05) | 42,9 | B |
| 5 | Sævartveit | Kjelde og kjeldebekk (A06) | < 0,1 | B |
| 6 | Sævartveit | Kjelde og kjeldebekk (A06) | < 0,1 | B |
| 7 | Tymbergilet | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 87,4 | A |
| 8 | Birjetangen | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 1,8 | B |
| 9 | Sygnestveit | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 60,0 | A |
| 10 | Øydvinstå-Osa | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 91,6 | A |
| 11 | Kvasshovden/Ravnanuten | Kalkrike område i fjellet (C01) | 370,2 | A |
| 12 | Norddalen | Kalkrike område i fjellet (C01) | 6358,0 | A |
| 13 | Øvre Grøndalen | Kalkrike område i fjellet (C01) | 5469,9 | A |
| 14 | Lengjedalsbrotet | Kalkrike område i fjellet (C01) | 712,6 | B |
| 15 | Kvannjolnut | Kalkrike område i fjellet (C01) | 98,4 | B |
| 16 | Lille Hansbunut | Kalkrike område i fjellet (C01) | 101,5 | B |
| 17 | Finse-Sandalsnuten | Kalkrike område i fjellet (C01) | 133,8 | B |
| 18 | Nordnut | Kalkrike område i fjellet (C01) | 180,1 | B |
| 19 | Ingebjørgnuten | Kalkrike område i fjellet (C01) | 1494,9 | A |
| 20 | Lille Finsenut | Kalkrike område i fjellet (C01) | 119,5 | B |
| 21 | Midtfjell-Disk | Kalkrike område i fjellet (C01) | 918,6 | A |
| 22 | Solbjørge | Slåtteenger (D01) | 39,7 | B |
| 23 | Hakestad | Slåtteenger (D01) | 4,8 | B |
| 24 | Sysegerdet, Skorane2 | Slåtteenger (D01) | 14,0 | A |
| 25 | Lindebrekke | Slåtteenger (D01) | 3,8 | B |
| 26 | Ljono | Slåtteenger (D01) | 22,8 | A |
| 27 | Sysegerdet, Skorane1 | Slåtteenger (D01) | 12,5 | A |
| 28 | Åsheim | Hagemark (D05) | 48,5 | B |
| 29 | Sysehagen | Hagemark (D05) | 34,6 | A |
| 30 | Tunheim | Hagemark (D05) | 16,1 | B |
| 31 | Hakestad | Hagemark (D05) | 31,1 | B |
| 32 | Byrse | Hagemark (D05) | 17,0 | B |
| 33 | Notten | Hagemark (D05) | 17,9 | A |
| 34 | Oppheim | Store gamle tre (D12) | < 0,1 | B |
| 35 | Hakestad | Store gamle tre (D12) | < 0,1 | B |
| 36 | Finsefetene | Andre viktige ... (H00): Variert våtmarksområde | 1552,1 | C |
| 37 | Solskinstjørn | Dammar (E09) | < 0,1 | C |
| 38 | Sævartveit | Dammar (E09) | < 0,1 | C |
| 39 | Hjelmvoll | Rik edellauvskog (F01) | 123,1 | A |
| 40 | Rubbeliseter | Rik edellauvskog (F01) | 141,6 | A |
| 41 | Sotenos | Rik edellauvskog (F01) | 189,5 | A |
| 42 | Bergaberget | Rik edellauvskog (F01) | 133,6 | A |
| 43 | Slondalen | Bjørkeskog med høgstauder (F04) | 2476,7 | B |
| 44 | Norddalen | Gråor-heggeskog (F05) | 765,7 | B |
| 45 | Vambheimselva | Gråor-heggeskog (F05) | 13,5 | C |
| 46 | Nesheimssanden | Rullesteinstrand (G04) | 3,6 | C |
| 47 | Ulvikpollen | Undervasseng (G02), Strandeng og strandsump (G05) | 30,0 | A |
| 48 | Øydvinstå-Djupevik | Kalkrike strandberg (G09) | 19,9 | B |
| 49 | Fryste-Leirhola | Andre viktige ... (H00): Eikeskog med rik soppflora | 11,1 | C |
| 50 | Austdalen | Andre viktige ... (H00): Fjellomr. med særeigen flora | 2020,3 | C |
| 51 | Hjeltneskaaien | Andre viktige ... (H00): Takrøysamfunn i brakkvatn | 1,0 | C |

Kart 1

Skog og jordbruksareal


- Lauvskog
- Bar- og blandingskog
- Jordbruksareal



Kart 2

Viktige naturtyper

- A - Svært viktig
- B - Viktig
- C - Lokalt viktig



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)

Lokalitet 1 Hjelmemyr

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|-------------------|
| Hovudtype | Myr | Areal | 13 da |
| Undertype | Andre viktige førekomstar (H00) | Verdi | C - lokalt viktig |

Skildring av lokaliteten

Hjelmemyr på Åsen er ei av dei få større lågtliggende myrane i Ulvik, og vert difor teken med som ein lokalt viktig lokalitet. Nærare undersøking i høve artssamansetjing bør gjennomførast.

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 2 Storemyr

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|-------------------|
| Hovudtype | Myr | Areal | 12 da |
| Undertype | Andre viktige førekomstar (H00) | Verdi | C - lokalt viktig |

Skildring av lokaliteten

Storemyr på Åsen er ei av dei få større lågareliggjande myrane i Ulvik, og vert difor teken med som ein lokalt viktig lokalitet. Nærare undersøking i høve artssamansetjing bør gjennomførast.

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 3 Tranemyr

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|-------------------|
| Hovudtype | Myr | Areal | 23 da |
| Undertype | Andre viktige førekomstar (H00) | Verdi | C - lokalt viktig |

Skildring av lokaliteten

Tranemyr på Åsen er ei av dei få større lågareliggjande myrane i Ulvik, og vert difor teken med som ein lokalt viktig lokalitet. Nærare undersøking i høve artssamansetjing bør gjennomførast.

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 4 Myr ved Stokkavatn

| | | | |
|------------------|--------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Myr | Areal | 43 da |
| Undertype | Rikmyr (A05) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Området ligg på høgda mellom Ulvik og Granvin. Delar av myra har kalkindikatorplanter: Breiull, myrmaure, vanleg myrklegg, skogsiv og og sveltull. Rikmyrer er sjeldsynt i Ulvik, men størrelsen og grad av inngrep gjer at lokaliteten ikkje får toppscore.

Registrerte artar

Breiull, myrmaure, vanleg myrklegg, skogsiv, sveltull

Inngrep og trugsmål

Myra er truga av attgroing, har eit stort krater etter torvuttak. Ser ut til å har vore drenert ved granplanting.

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 5 Sævartveit

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Myr | Areal | < 1 da |
| Undertype | Kjelde og kjeldebekk (A06) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Frå gardstunet på Sævartveit og innover langs vestsida av elva Nordøla er det registrert fleire større oppkomer. Dei bør undersøkjast nærare i høve artsførekomstar og verdisetting.

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 6 Sævartveit

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Myr | Areal | < 1 da |
| Undertype | Kjelde og kjeldebekk (A06) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Frå gardstunet på Sævartveit og innover langs vestsida av elva Nordøla er det registrert fleire større oppkomer. Dei bør undersøkast nærare i høve artsførekomstar og verdisetting.

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 7 Tymbergilet

| | | | |
|------------------|--------------------------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 87 da |
| Undertype | Sørvendt berg og rasmark (B01) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

Den austvendte ura nord for Bruravik er veksestad for fleire sjeldsynte artar. Attåt dei raudlista soppartane som er nemnt under veks her mellom anna snau vaniljerot, panterflugesopp (einaste kjende veksestad i Ulvik), og kjempetraktmuserong.

Registrerte artar

Grå trompetkantarell (V), bleikloden steinsopp (R), hasselskrubb (R), gullkremle (DC), bleik kantarell (DC) panterflugesopp, kjempetraktmuserong, snau vaniljerot

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 8 Birjetangen

| | | | |
|------------------|--------------------------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 1,8 da |
| Undertype | Sørvendt berg og rasmark (B01) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Ura nordvest for Birjetangen er veksestad for den raudlista arten sølvasal. Ellers er ura artsfattig.

Registrerte artar

Sølvasal (R)

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne **Dato**

Lokalitet 9 Sygnestveit

| | | | |
|------------------|--------------------------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 60 da |
| Undertype | Sørvendt berg og rasmark (B01) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

På austsida av Osafjorden ligg garden Sygnestveit. I rasmarka bak Sygnestveit veks fleire artar som er relativt sjeldsynte i Ulvik, m.a. huldregras (3. funn på Vestlandet), vårerteknapp, kjempetraktmusserong, franskbrødsopp.

Registrerte artar

Kjempetraktmusserong, franskbrødsopp, huldregras, vårerteknapp

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 10 Øyvindstå-Osa

| | | | |
|------------------|--------------------------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 92 da |
| Undertype | Sørvendt berg og rasmark (B01) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

Urene mellom Øydvinstå og Osa/Sævartveit langs Osafjorden har ein unik og artsrik flora. Av meir spesielle artar som er funne her kan nemnast: Blankstorkenebb (einaste kjende veksestad i Ulvik), kjempesvingel (einaste kjende veksestad i Ulvik), kystfrøstjerne, åkermåne, bergperikum, skogfaks (einaste kjende veksestad i Ulvik), svarterteknapp (ein av to kjende veksestader i Ulvik), dvergmispel, bulkemispel, kjempetraktmusserong, rødtuppsopp (einaste funn i Hordaland).

Registrerte artar

Gullkremle (DC), kjempetraktmusserong, rødtuppsopp, blankstorkenebb, kjempesvingel, kystfrøstjerne, åkermåne, bergperikum, skogfaks, svarterteknapp, dvergmispel, bulkemispel

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 11 Kvasshovden/Ravnanuten

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Fjell | Areal | 370 da |
| Undertype | Kalkrike område i fjellet (C01) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

På fjellstrekninga mellom Ulvik og Granvin fins ein heil del skifer, og vegetasjonen består av mange artar som fortrinnsvis veks på lausare bergartar. Her er det funne to veksestader for reinrose: i Granvin i nærleiken av Kvasshovden (ca. 1100 moh), og på skråninga av Ravnanuten i Ulvik (ca. 950- 1000 moh).

Attåt reinrose veks her artar som sauesvingel, rukkevier, blokkebær, tyttebær, rypebær, blåsprett (vanleg på tørre og kalkrike stader), fjellsmelle, blankstorr (kalkrik grunn), fjelltistel, gullris, blåbær og røsslyng, polarvier og tuearve. Fjellet mellom Ulvik og Granvin vert av Selland framheva som eit særst interessant botanisk område.

Registrerte artar

Reinrose, sauesvingel, rukkevier, blokkebær, tyttebær, rypebær, blåsprett, fjellsmelle, blankstorr, fjelltistel, gullris, blåbær, røsslyng, polarvier, tuearve

Kjelder

Selland, S.K. 1901. Om vegetasjonen i Granvin. Separattryk af Nyt Magazin for Natur Videnskapen. B.42. H.H. Kristiania 1901.

Odland, A. 1982. Botaniske undersøkelser langs Granvinvassdraget. Rapport 21. Universitetet i Bergen. Botanisk institutt. 60 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 12 Nordalen

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Fjell | Areal | 6359 da |
| Undertype | Kalkrike område i fjellet (C01) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

Nordalen er dalføret som går frå Osa til stølsområdet Oset. Dalføret er eit ras og blokkmarksområde med spreidd bjørkeskog og vierkratt. Her veks ein rik og spanande fjellflora med artar som reinrose og raudsildre iblanda "låglandsartar" som kystfrøstjerne, kung, og tågebær. Her veks og bergfrue, og bregna fjellok har ein av sine vestlegaste utpostar her i landet i Norddalen.

Registrerte artar

Sølvasal (R), kvitkurle, reinrose, raudsildre, kystfrøstjerne, kung, og tågebær, bergfrue, fjellok

Kjelder

Ulvik herad 199?. Kulturhistoriske vandringer i Ulvik. 29 s.

Flatabø, G. 2001. Planteliste for Nordalen.

Registrert av Rannveig Djøanne **Dato**

Lokalitet 13 Øvre Grøndalen

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Fjell | Areal | 5470 da |
| Undertype | Kalkrike område i fjellet (C01) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

Lokaliteten ligg vest for Hallingskeid, nordaust i Ulvik herad. Området høyrer til under Flåmsvassdraget. Bergrunnen i Øvre Grøndalen er fyllitt som gjev grobotn for kalkkrevjande reinroseheier, rikmyrer, kalksnøleier og rabbesamfunn. Attåt reinrose finn ein dei kalkkrevjande artane: bergstarr, hårstarr, dvergjamne, blåsprett, fjelltistel, fleckmure, sætermjelt, ljåblom, bakkesøte, svarttopp, myrtevier, rynkevier, fjellsmelle, svartstarr og raudsildre. Av meir sjeldne artar veks her den austlege fjellplanta svartaks og snøemure som er sjelden på Vestlandet. Området er plukka ut som eit av dei seks mest verdfulle botaniske lokalitetane i Flåmsvassdraget.

Registrerte artar

Reinrose, bergstarr, hårstarr, dvergjamne, blåsprett, fjelltistel, fleckmure, sætermjelt, ljåblom, bakkesøte, svarttopp, myrtevier, rynkevier, fjellsmelle, svartstarr, raudsildre, svartaks, snøemure

Kjelder

Odland, A. 1981. Flora og vegetasjon i Flåmsvassdraget. Rapport 12. Botanisk institutt ved Universitetet i Bergen. 83 s.

Registrert av Rannveig Djøanne **Dato**

Lokalitet 14 Lengjedalsbrotet

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Fjell | Areal | 713 da |
| Undertype | Kalkrike område i fjellet (C01) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

I Lengjedalsbrotet på Finse finn ein reinrosehei med polarvier. Området bør undersøkjast nærmare med tanke på avgrensing og verdisetting.

Registrerte artar

Reinrose, polarvier

Kjelder

Wenche Eide, UiB (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøanne **Dato**

Lokalitet 15 Kvannjolnut

Hovudtype Fjell **Areal** 98 da
Undertype Kalkrike område i fjellet (C01) **Verdi** B - viktig

Skildring av lokaliteten

Ved Kvannjolnut på Finse finn ein mykje av dei same elementa som ved Nordnut. I den kalkrike høgstaudeenga veks reinrose og myrtevier, og noko mindre turt enn ved Nordnut. Området bør undersøkjast nærmare med tanke på avgrensing og verdisetting.

Registrerte artar

Myrtevier, turt, reinrose

Kjelder

Wenche Eide, UiB (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøanne

Dato

Lokalitet 16 Lille Hansbunut

Hovudtype Fjell **Areal** 102 da
Undertype Kalkrike område i fjellet (C01) **Verdi** B - viktig

Skildring av lokaliteten

I den rike sørhellinga på Lille Hansbunut på Finse veks mellom anna ulike vier, sildrer og reinrose. Området bør undersøkjast nærmare med tanke på avgrensing og verdisetting.

Registrerte artar

Vier, sildrer, reinrose

Kjelder

Wenche Eide, UiB (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøanne

Dato

Lokalitet 17 Sandalsnuten

Hovudtype Fjell **Areal** 134 da
Undertype Kalkrike område i fjellet (C01) **Verdi** B - viktig

Skildring av lokaliteten

I dette engsamfunnet veks mellom anna gulsildre, engsoleie og isssoleie. Området bør undersøkjast nærmare med tanke på avgrensing og verdisetting.

Registrerte artar

Gulsildre, engsoleie, isssoleie

Kjelder

Wenche Eide, UiB (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøanne

Dato

Lokalitet 18 Nordnut

Hovudtype Fjell **Areal** 180 da
Undertype Kalkrike område i fjellet (C01) **Verdi** B - viktig

Skildring av lokaliteten

Ved Nordnut på Finse veks eit kalkrikt, høgstaude engsamfunn med m.a. myrtevier, turt og reinrose. Området bør undersøkjast nærmare med tanke på avgrensing og verdisetting.

Registrerte artar

Myrtevier, turt, reinrose

Kjelder

Wenche Eide, UiB (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønn

Dato

Lokalitet 19 Ingebjørgnuten

Hovudtype Fjell

Areal 1495 da

Undertype Kalkrike område i fjellet (C01)

Verdi A - svært viktig

Skildring av lokaliteten

Området rundt Ingebjørgfjell vart undersøkt av Lars Sekse og Arvid Odland i 1981. Her fann dei artar som lodnerublom og snøgras attåt andre kalkkrevjande artar.

Registrerte artar

Lodnerublom, snøgras

Kjelder

Lars Sekse (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønn

Dato

Lokalitet 20 Lille Finsenut

Hovudtype Fjell

Areal 120 da

Undertype Kalkrike område i fjellet (C01)

Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Lille Finsenut er den einaste veksestaden for gullmyrklegg på Finse, og er difor ein spesiell biotop. Området bør undersøkjast nærmare med tanke på avgrensing og verdisetting.

Registrerte artar

Gullmyrklegg

Kjelder

Wenche Eide, UiB (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønn

Dato

Lokalitet 21 Midtfjell-Disk

Hovudtype Fjell

Areal 919 da

Undertype Kalkrike område i fjellet (C01)

Verdi A - svært viktig

Skildring av lokaliteten

I ei sørvendt dalside mellom 1000 og 1100 m.o.h. veks ein velutvikla bestand av kalkkrevjande heivegetasjon. Reinrose er ofte dominerande, og ellers inngår artar som: rynkevier, hårstarr, bergstarr, fjellkattfot, setermjelt, bakkesøte, fjellnøkleblom, flekkmure, raudsildre, fjellsmelle blåsprett, bergveronika og labbmose. På vestlandet opptre slike samfunn sjeldan.

Området vert av Odland (1982) framheva som eit av dei mest interessante botaniske tilfella i området

Registrerte artar

Reinrose, rynkevier, hårstarr, bergstarr, fjellkattfot, setermjelt, bakkesøte, fjellnøkleblom, flekkmure, raudsildre, fjellsmelle, blåsprett, bergveronika, labbmose

Kjelder

Odland, A. 1982. Botaniske undersøkelser langs Granvin- vassdraget. Rapport 21. Universitetet i Bergen. Botanisk institutt. 60 s.

Registrert av Rannveig Djønn

Dato

Lokalitet 22 Solbjørgo

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Slåtteeeng (D01)

Areal 40 da
Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

På Ulvikahøgda mellom Ulvik og Granvin finn ein den fråflytta garden Solbjørgo. Dei bratte, sørvestvendte bakkane vert i dag leigd bort og nytta som beite/slåttemark. Bruket har friskare og tørrare parti, noko som skapar ein mosaikk av artsrike og mindre artsrike plantesamfunn. Tørrbakkane, som ein finn lengst nord og sør på bruket, er artsrike og ber ikkje preg av å ha vore tilført store mengder med gjødsel. Her finn ein mellom anna store mengder augentrøyst. Blåklukke, tepperot, ryllik, føllblom, prestekrage, firkantperikum, gulaks, harerug, blåfjær, raudkløver, kattefot, engstjerneblom, blåkoll og raudknapp trivst i desse områda. I dei lettare tilgjengelege områda midt på bruket minkar artsmangfaldet. Ein finn spreidde hasselkratt og ei og anna furu. Feltsjiktet er ope, bortsett frå oppslag av noko einstape lengst nord i bakkane. Her finn ein òg gamle steingardar.

Registrerte artar

Augentrøyst, blåklukke, tepperot, ryllik, føllblom, prestekrage, firkantperikum, gulaks, harerug, blåfjær, raudkløver, kattefot, engstjerneblom, blåkoll, raudknapp, einstape

Inngrep/konflikter

Største trugsmålet mot slåtteeenga er opphøyr av tradisjonell drift.

Forvalting/tiltak

Ta opp att tradisjonell drift.

Kjelder

Djønne, R. 2000. Kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad. Evaluering av kulturlandskapsarbeidet gjort i Sysehagen. Vidareføring av arbeidet til å omfatta Hakestadlia. 52 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 23 Hakestad

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Slåtteeeng (D01)

Areal 4,8 da
Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Øvst opp på Hakestad ligg ei open, relativ turr og flat, gamal slåtteeeng. I dag vert området nytta som vår- og haustbeite for sauer på nabobruket. Feltsjiktet er dominert av ulike grastypar, men ein finn og innslag av urter som blåklukke, firkantperikum og ryllik. Oppslag av einstape, tistel og brennensesle tyder på at beitetrykket ikkje er stort nok. Beitet vert ikkje gjødsla.

Registrerte artar

Blåklukke, firkantperikum, ryllik, einstape, tistel, stornesle

Inngrep/konflikter

Enga vert halden nokonlunde open ved hjelp av beiting frå sau, men typiske slåtteeartar forsvinn etter kvart pga. manglande slått og konkurranse frå andre artar.

Forvalting/tiltak

Dersom ein ynskjer å restaurera/bevara enga lyt ein ta opp att slått: Slå ein gong ut på seinsommaren. Flatturka høyet, og gjødsla moderat med naturgjødsel. Sjølv etter opp til 30 år etter opphørt bruk vil frøbank eksistera, og restaurering og skjøtsel vera mogeleg.

Kjelder

Djønne, R. 2000. Kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad. Evaluering av kulturlandskapsarbeidet gjort i Sysehagen. Vidareføring av arbeidet til å omfatta Hakestadlia. 52 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 24 Sysegjerdet, Skorane 2

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Slåtteeeng (D01)

Areal 14 da
Verdi A - svært viktig

Skildring av lokaliteten

Den gamle slåtteeenga i Skorane høyrer til saman med ei større hagemark på Syse, nær Ulvik sentrum. Eksposisjonen er sørvendt. Naturenga vert slått med slåmaskin og langorv i dei brattaste partia på seinsommaren. Ho vert tilført noko kalk. Attåt slåtten vert området nytta som sommar og haustbeite for sau. Som i naboområdet (lok. 27) er enga artsrik, og inneheld artar som vanleg ryllik, engsoleie, raudknapp, raudkløver, kvitkløver, blåklokke, prestekrage, tiriltunge, tepperot, blåkoll, augnetrøst, firkantperikum, sløke, hårsveve, knoppurt, smalkjempe, engsmelle, tjæreblom og stjerneblom. Enga har sterkt slåttepreg, og vert framleis halden i hevd ved slått og beite. Er ein av dei få i sitt slag i Ulvik.

Registrerte artar

Ryllik, engsoleie, raudknapp, raudkløver, kvitkløver, blåklokke, prestekrage, tiriltunge, tepperot, blåkoll, augnetrøst, firkantperikum, sløke, hårsveve, knoppurt, smalkjempe, engsmelle, tjæreblom, stjerneblom

Inngrep/konflikter

Største trugsmålet mot slåtteeenga er opphøyr av tradisjonell drift.

Forvalting/tiltak

Oppretthalda drifta på same måten.

Kjelder

Djønne, R. 2000. Kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad. Evaluering av kulturlandskapsarbeidet gjort i Sysehagen. Vidareføring av arbeidet til å omfatta Hakestadlia. 52 s.
Fylkesmannen i Hordaland 2000. Hordaland, verdifulle kulturlandskap frå hav til fjell. Brosjyre. 26 s.
Kløve-Graue, S. 1990. Ulvik- eit bygdlandskap i Hardanger. Ulvik herad/LUF. 92 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 25 Lindebrekke

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Slåtteeeng (D01)

Areal 3,8 da
Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Gjere ligg sørvendt til, om lag på 325 m.o.h., nordvest for gardstunet på Lindebrekke. Den tidlegare husmannsplassen vart nytta til slåttemark i kombinasjon med beite truleg fram til 1960- talet. Området vert i dag nytta som vår- og haustbeite for sau.

Det meste av slåtteeenga er kalkfattig turreng. Denne typen finn ein gjerne på solrike stader i sørskråningar. På seinsommaren blømer typiske artar som firkantperikum, ryllik, engsoleie, tiriltunge, blåklokke, kvitmaure, engsyre, blåknapp, engkall, gulaks, følblom og smalkjempe. På mindre areal med fuktig grunn veks ulike starrartar og meir fuktålande artar som flekkmariland. I utkanten finn stua bjørketre og hasselkjerr som tidlegare vart skore. Artar som gråor, furu, gran, tepperot og ulike lyngvekstar kryp innover enga. Dette tyder på at ho har kome i attgroingsfase.

Registrerte artar

Firkantperikum, tepperot, ryllik, engsoleie, tiriltunge, blåklokke, kvitmaure, engsyre, blåknapp, engkall, gulaks, følblom, smalkjempe, flekkmariland, bjørk, hassel, gråor, furu, gran

Inngrep/konflikter

Enga vert halden nokonlunde open ved hjelp av beiting frå sau, men typiske slåtteartar vil etterkvart forsvinne pga. manglande slått og konkurranse frå andre artar.

Forvalting/tiltak

Dersom ein ynskjer å restaurera/bevara enga lyt ein ta opp att slåtten: Slå ein gong ut på seinsommaren. Flatturka høyet, og gjødsla moderat med naturgjødsel.

Kjelder

Kløve-Graue, S. 1990. Ulvik- eit bygdlandskap i Hardanger. Ulvik herad/LUF. 92 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 26 Ljono

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Slåtteeeng (D01)

Areal 23 da
Verdi A - svært viktig

Skildring av lokaliteten

Denne bratte, sørvendte slåtteeenga/ beitemarka på Ljono kan delast i to delområde: a) Lengst nede attmed vegen har grunneigar eit ugjødsla, friskt, parti som han slår seinhaustes. Her veks artar som tveskjeggveronika, skogstorkenebb, firkantperikum, tepperot, prestekrage, tiriltunge, engtjæreblom, blåkoll, blå- og raudknapp, heiblåfjør, gulaks og harerug. b) Området ovanfor enga har eit større innslag av gras. Dette partiet vert og slått på seinsommaren, men vert i motsetning til det nedste partiet nytta som beite for sau vår og haust. På desse turrakkane veks artar som augnetrøyst, blåkoll, tepperot, bakkeminneblom, tveskjeggveronika, engstjerneblom, gulaks, blåklokke og engfrytle. Når ein kjem lenger opp mot flatare parti minkar innslaga av desse artane. Her har tilførsel av gjødsel vore større. Spreitt rundt i enga finn ein innslag av hassel, ask, bjørk, rogn og gamle frukttre.

Dei to delområda syner godt skilnad i artsinnhald ved ulike driftsmåtar, og ulikt fuktinnhald. Det gjer området ekstra spanande.

Registrerte artar

Tveskjeggveronika, skogstorkenebb, firkantperikum, tepperot, prestekrage, tiriltunge, engtjæreblom, blåkoll, blåknapp, raudknapp, heiblåfjør, gulaks, harerug, augnetrøyst, blåkoll, tepperot, bakkeminneblom, tveskjeggveronika, engstjerneblom, gulaks, blåklokke, engfrytle

Inngrep/konflikter

Opphøyr av skjøtsel/drift

Forvalting/tiltak

Fortsettja skjøtselen på same måten.

Registrert av Rannveig Djøanne

Dato

Lokalitet 27 Sysegjerdet, Skorane 1

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Slåtteeeng (D01)

Areal 12,5 da
Verdi A - svært viktig

Skildring av lokaliteten

Den gamle slåtteeenga i Skorane høyrer saman med ei større hagemark på Syse. Lokaliteten ligg sørvendt til, nær Ulvik sentrum. Enga vart slått og hesja fram til 1995. No vert ho nytta som vår- og haustbeite for sau. Ho vert ikkje tilført kunstgjødsel. Her finn ein artar som: vanleg ryllik, engsoleie, raudknapp, raudkløver, kvitkløver, blåklokke, prestekrage, tiriltunge, tepperot, blåkoll, augnetrøst, firkantperikum, sløke, hårsveve, knoppurt, smalkjempe, engsmelle, tjæreblom og stjerneblom. Tresjiktet inneheld fine eksemplar av einer, bjørk, ask, alm og hassel. Noko oppslag av gråor finn ein i kantane av enga. viktige. Enga har framleis sterkt slåttepreg, og ser ut til å er ei av dei få i sitt slag i Ulvik.

Registrerte artar

Vanleg ryllik, engsoleie, raudknapp, raudkløver, kvitkløver, blåklokke, prestekrage, tiriltunge, tepperot, blåkoll, augnetrøst, firkantperikum, sløke, hårsveve, knoppurt, smalkjempe, engsmelle, tjæreblom, stjerneblom, einer, bjørk, ask, alm, hassel, gråor

Inngrep/konflikter

Enga vert halden nokonlunde open ved hjelp av beiting frå sau, men typiske slåtteartar vil etterkvart forsvinne pga. manglande slått og konkurranse frå andre artar.

Forvalting/tiltak

Dersom ein ynskjer å restaurera eller ta vare på enga lyt ein ta opp att slåtten: Slå ein gong ut på seinsommaren. Flattørka høyet, og gjødsla moderat med naturgjødsel.

Kjelder

Djøanne, R. 2000. Kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad. Evaluering av kulturlandskapsarbeidet gjort i Sysehagen. Vidareføring av arbeidet til å omfatta Hakestadlia. 52 s.

Fylkesmannen i Hordaland 2000. Hordaland, verdifulle kulturlandskap frå hav til fjell. Brosjyre. 26 s.

Kløve-Graue, S. 1990. Ulvik- eit bygdlandskap i Hardanger. Ulvik herad/LUF. 92 s.

Registrert av Rannveig Djøanne

Dato

Lokalitet 28 Åsheim

| | | | |
|------------------|----------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Kulturlandskap | Areal | 49 da |
| Undertype | Hagemark (D05) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Ovanfor Nesheim på ca. 240 m.o.h. ligg sørvendte Åsheim. Her finn ein to tun som ikkje er busett i dag. Det einaste plassen vert nytta til er beitemark for kyr og hest. I tresjiktet veks nokre store almer og asker som ber preg av å ha vore stuva tidlegare. Her veks og bjørk og furu i utkanten av beitemarka. Det urterike graset er rikt og variert, og ber preg av lite tilførsle av gjødsel. Artar som: gulaks, blåkoll, blåklokke, tepperot, ryllik, prestakrage, føllblom, raud og blåknapp, engsoleie, tiriltunge, firkantperikum, nattfiol og tveskjeggveronika veks her. I den svakt hellande og kupperte marka finn ein og element som steingjerder og rydningsrøyser.

Registrerte artar

Alm, ask, bjørk, furu, gulaks, blåkoll, blåklokke, tepperot, ryllik, prestakrage, føllblom, raudknapp, blåknapp, engsoleie, tiriltunge, firkantperikum, nattfiol, tveskjeggveronika

Inngrep/konflikter

Opphald av styving. Enga vert halden nokonlunde open ved hjelp av beiting frå sau, men typiske slåtteartar vil etterkvart forsvinne pga. manglande slått og konkurranse frå andre artar.

Forvalting/tiltak

Dei gamle stuvane bør styvast på nytt. Dersom ein ynskjer å restaurera/bevara enga lyt ein ta opp att slåtten: Slå ein gong ut på seinsommaren. Flatturka høyet, og gjødsla moderat med naturgjødsel.

Kjelder

Kristin Neshaim, grunneigar (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøanne **Dato**

Lokalitet 29 Sysehagen

| | | | |
|------------------|----------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Kulturlandskap | Areal | 35 da |
| Undertype | Hagemark (D05) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

Den flotte hagemarka i Sysehagen er viden kjend, og vart mellom anna peika ut som viktig kulturlandskapsområde i Hordaland i 1994. Her finn ein stugar av bjørk, ask, selje og rogn. Artsmangfaldet i feltsjiktet kan sjåast i samband med slåtteeinga ved Sysengjerdet (lok. 27). Området vert i dag nytta som sauebeite, og på 1990-talet rydda ein litt lauvskog, for å betra beitet. Gamle rydningsrøyser, steingjerder og ein flaumbekk er viktige element i hagemarka.

Forvalting/tiltak

Fortsatt skjøtsel av styvingstrea og beitet.

Kjelder

Djøanne, R. 2000. Kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad. Evaluering av kulturlandskapsarbeidet gjort i Sysehagen. Vidareføring av arbeidet til å omfatta Hakestadlia. 52 s.

Fylkesmannen i Hordaland 2000. Hordaland, verdifulle kulturlandskap frå hav til fjell. Brosjyre. 26 s.

Kløve-Graue, S. 1990. Ulvik- eit bygdlandskap i Hardanger. Ulvik herad/LUF. 92 s.

Registrert av Rannveig Djøanne **Dato**

Lokalitet 30 Tunheim

| | | | |
|------------------|----------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Kulturlandskap | Areal | 16 da |
| Undertype | Hagemark (D05) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Tunheim ligg i sørhellinga nord for Ulvikpollen på om lag 120 m.o.h. Området har vore intensivt nytta til slåtteeing og beite, og har lite busk- og trevegetasjon. Mengde vegetasjon og artar har og samband med jordtilhøva. Her er det grusrik og tørkesvak jord med fjell i dagen. Her står nokre bjørk, rogn og ask og fine eksemplar av søyleeiner. Nokre gamle- og nye styva asker finn ein òg. Steingardar og rydningsrøyser utgjer fine element i landskapet. Lokaliteten vert i dag nytta som beite for sau og hest.

Sjølv om feltsjiktet ikkje er så rikt på artar, bør området sjåast i samanheng med resten av Sysehagenområdet både som område viktig for biologisk mangfald, og som eit heilskapleg kulturlandskapsområde.

Kjelder

Kløve Graue, S. 1990. Ulvik- eit bygdlandskap i Hardanger. Ulvik herad/LUF. 92 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 31 Hakestad

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 31 da

Undertype Hagemark (D05)

Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Den flotte hagemarka på bruket til Ole Hakestad ligg bratt og sørvendt til sentralt i Ulvik. Tresjiktet er dominert av velvaksne bjørk og ask, med innslag av store og flotte einer, hegg og rognetre. Nokre av askane og bjørketrea ber preg av å ha vore stuva. Feltsjiktet er artsrikt, og her veks artar som øyentrøst, blåkoll, tveskjeggveronika, tepperot, ryllik og gulaks. Alle desse artane er vanlege i ugjødsla, artsrike beite- og slåtteeenger. I buskskjiktet finn ein oppslag av einer, og fleire felt med oppslag av hassel og gråor. Hagemarka er blokk rik. Parti i hagemarka vart tidlegare slått og hesja. I dag vert området nytta som vår- og haustbeite for sauer. Beitet vert ikkje gjødsla med kunstgjødsel.

Området er ein del av eit større kulturlandskapsområde i Ulvik der ulike restaureringstiltak er gjennomført, og nokre er under planlegging. Området aust for bruket (Sysehagen) er plukka ut som viktig kulturlandskapsområdet i Hordaland. Ein bør sjå dette bruket i samanheng med Sysehagen.

Registrerte artar

Bjørk, ask, einer, hegg, rogn, hassel, gråor, augentrøyst, blåkoll, tveskjeggveronika, tepperot, ryllik, gulaks

Forvalting/tiltak

Grunneigar er i ferd med å restaurera hagemarka som var under attgroing. Skjøtselsplan for området vart laga under arbeid med kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad (Djønne 2000)

Kjelder

Djønne, R. 2000. Kulturlandskapsprosjektet Sysehagen-Hakestad. Evaluering av kulturlandskapsarbeidet gjort i Sysehagen. Vidareføring av arbeidet til å omfatta Hakestadlia. 52 s.

Fylkesmannen i Hordaland 2000. Hordaland, verdifulle kulturlandskap frå hav til fjell. Brosjyre. 26 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 32 Byrse

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 17 da

Undertype Hagemark (D05)

Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Gammal bjørkehage der grunneigar driv restaurering. Feltsjiktet er ikkje undersøkt, men både reint estetisk og kulturhistorisk er dette eit viktig område for Ulvik.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 33 Notten

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 18 da

Undertype Hagemark (D05)

Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Den gamle husmannsplassen Notten finn ein på Byrse. I dag bur her ikkje folk, men marka vert framleis nytta som beite for sau. Attmed låven og våningshuset veks store stuva asker og alm. Eik og bjørk finn ein og på plassen. Noko gran er planta rundt beitemarka på Notten. Ein del oppslag av hassel, tistel, gråor, einer og einstape tyder på at beitetrykket ikkje er stort nok. Feltsjiktet er variert og inneheld mellom anna artar som harerug, tepperot, engsoleie, legeveronika, tveskjeggveronika, gulaks, harestarr, engstjerneblom, blåkoll, marikåpe, blåklokke, ryllik og firkantperikum. Spreidt rundt i den idylliske hagemarka finn ein og gamle rydningsrøyser som vitnar om tidlegare generasjonars strev for å rydda beite- og slåttemark.

Registrerte artar

Ask, alm, eik, bjørk, hassel, tistel, gråor, einer, einstape, harerug, tepperot, engsoleie, legeveronika, tveskjeggveronika, gulaks, harestart, engstjerneblom, blåkoll, marikåpe, blåklokke, ryllik, firkantperikum

Forvalting/tiltak

Dei gamle stuvane bør styvast på nytt.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 34 Oppheim

Hovudtype Kulturlandskap

Areal -

Undertype Store, gamle tre (D12)

Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Tuntre med ein omkrets på om lag 4 m. Alma verkar sunn og frisk. Flora og fauna tilknytt treet er ikkje nærmare undersøkt.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 35 Hakestad

Hovudtype Kulturlandskap

Areal -

Undertype Store, gamle tre (D12)

Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Attmed våningshuset til Arild Baardsen veks ei gamal styva alm. Omkrinsen på største delen av alma er heile 4.63 m (målt sommaren 2000). Alma er hol inni, og lyt styvast på nytt, for ikkje å dette ned. Flora og fauna tilknytt treet er ikkje nærmare undersøkt.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 36 Finsefetene

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 1552 da

Undertype Andre viktige førekomstar (H00)

Verdi C - lokalt viktig

Skildring av lokaliteten

På Finsefetene finn ein ein mosaikk av myrer, sumper, vassflater og fastmark. Det har i dette prosjektet i vore gjort nokre nye undersøkingar av området.

Kjelder

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga 1998. Utskrift frå EDNA databasen

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 37 Solskinstjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal < 1 da

Undertype Dammar (E09)

Verdi C - lokalt viktig

Skildring av lokaliteten

I kulturlandskapet på austsida av Nordøla ligg Solskinnstjørn. Vassføringa i tjørna syner i fylgje folketrua kva ver ein har i vente. Tjørna ligg ved foten av ei ur, og lauvskogen veks tett rundt. Det er ikkje gjort undersøkingar av flora og fauna tilknytt tjørnet.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 38 Sævartveit**Hovudtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** < 1 da**Undertype** Dammar (E09)**Verdi** C - lokalt viktig**Skildring av lokaliteten**

Sævartveit ligg vest for elva Nordøla i Nordalen i Osa. I kulturlandskapet nord for gardstunet Sævartveit ligg eit større tjørn. Sjølve tjørnet ser ut til å vera under attgroing, men terrenget rundt er ope. Det er ikkje gjort undersøkingar av flora og fauna tilknytt tjørnet.

Registrert av Rannveig Djønne**Dato****Lokalitet 39 Hjelmevoll****Hovudtype** Skog**Areal** 123 da**Undertype** Rik edellauvskog (F01)**Verdi** A - svært viktig**Skildring av lokaliteten**

Alm- lindeskog med ei rik, ei tørr og ei typisk utforming. Tresjiktet er bygd opp av ask, alm og lind. Feltsjiktet er beitepåverka, noko som gjev mindre oppvekst av lauvskogartar, medan eng- og ugrasplantar som sølvbunke, hundegras og løvetann vert etablert. Berggrunn: Kambrosilur og kaledonisk gneis/grunnfjellsbergartar.

Registrerte artar

Ask, alm, lind, sølvbunke, hundegras, løvetann

Inngrep/konflikter

Ei mindre bygning i området, granplanting, området vert nytt til beite.

Kjelder

FMVA 1988, Naturbasen

Registrert av Rannveig Djønne**Dato****Lokalitet 40 Rubbeliseter****Hovudtype** Skog**Areal** 124 da**Undertype** Rik edellauvskog (F01)**Verdi** A - svært viktig**Skildring av lokaliteten**

Brattlendt og sørvendt alm-lindeskog ved Solsevatnet, 390 moh. Tresjiktet er glissent, men i feltsjiktet veks artar som junkerbregne, kvitsoleie, tannrot, myske og tyrihjelm.

Registrerte artar

Alm, lind, junkerbregne, kvitsoleie, tannrot, myske, tyrihjelm

Kjelder

Fylkesmannen i Hordaland 1980. Utkast til verneplan for edellauvskog i Hordaland fylke. s.27-38.

Registrert av Rannveig Djønne**Dato****Lokalitet 41 Sotenos****Hovudtype** Skog**Areal** 190 da**Undertype** Rik edellauvskog (F01)**Verdi** A - svært viktig**Skildring av lokaliteten**

På Sotenos (ca. 350 moh.) veks ein edellauvskog med mellom anna lind og eik. Lokaliteten bør undersøkjast nærare for artssamansetjing og verdivurdering.

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djønne**Dato** 2002

Lokalitet 42 Bergaberget

| | | | |
|------------------|------------------------|--------------|------------------|
| Hovudtype | Skog | Areal | 134 da |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | A - svært viktig |

Skildring av lokaliteten

Sørvendt edellauvskog nordvest for Ulvik sentrum. Frodig alm-lindeskog med eit artsrikt feltsjikt. Her veks artar som mellom anna bergperikum, dvergmispel, rublom, stavklokke, myske, kung, nattfiol, gulsildre og grønburkne.

Registrerte artar

Alm, lind, bergperikum, dvergmispel, rublom, stavklokke, myske, kung, nattfiol, gulsildre, grønburkne

Kjelder

Fylkesmannen i Hordaland 1980. Utkast til verneplan for edellauvskog i Hordaland fylke. s.27-38.
Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøgne **Dato**

Lokalitet 43 Slondalen

| | | | |
|------------------|---------------------------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Skog | Areal | 2477 da |
| Undertype | Bjørkeskog med høgstauder (F04) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Område med høgstaude- og storbregnedominerte vegetasjonstypar som er artsrike og inneheld mange edafisk krevjande artar. Slike samfunn karakteriserast ved artar som myskegras, lundrapp, kvann, tyrihjel, kvitbladtistel, mjødurt, skogstorkenebb, turt, vendelrot, sumphaukeskjegg, strutseveng og skogburkne. Desse indikerer ei næringsrik jord, jamn og god markfuktigheit i heile vegetasjonsperioden og ein relativt lun voksterplass. Slike forhold fins helst under høge berg, og langs vassdrag. I Slondalen finn ein innslag av slike høgstaude bjørkesamfunn. Området er stort, og ei nærmare undersøking av med tanke på artsregistrering, avgrensing og verdisetting er ønskjeleg.

Kjelder

FMMA 1988, Naturbasen

Registrert av Rannveig Djøgne **Dato**

Lokalitet 44 Norddalen

| | | | |
|------------------|-----------------------|--------------|------------|
| Hovudtype | Skog | Areal | 766 da |
| Undertype | Gråor-heggeskog (F05) | Verdi | B - viktig |

Skildring av lokaliteten

Denne frodige gråor-heggeskogen ligg i Nordalen, aust for elva Nordøla. Her veks ei rekkje næringskrevjande artar som t.d. kystfrøstjerne, springfrø, gullstjerne, bringebær, skogstjerneblom, strutseveng og trollurt.

Registrerte artar

Kystfrøstjerne, springfrø, gullstjerne, bringebær, skogstjerneblom, strutseveng, trollurt

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøgne **Dato**

Lokalitet 45 Vambheimselva

| | | | |
|------------------|-----------------------|--------------|-------------------|
| Hovudtype | Skog | Areal | 13,5 da |
| Undertype | Gråor-heggeskog (F05) | Verdi | C - lokalt viktig |

Skildring av lokaliteten

Elvedalen langs Vambheimselva er dominert av gråor-heggeskog. Artssamansetninga bør undersøkjast nærare.

Kjelder

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga. 1998. Utskrift frå EDNA registeret.

Registrert av Rannveig Djøgne **Dato**

Lokalitet 46 Nesheimsanden

Hovudtype Kyst/havstrand
Undertype Rullesteinstrand (G04)

Areal 3,6 da
Verdi C - lokalt viktig

Skildring av lokaliteten

Nesheimsanden er ein av dei få intakte, større rullesteinstrendene i Ulvik. Lauvskogen trivst godt på denne lune staden, og her veks mange treslag: ask, eik, lind, bjørk, osp, rogn, hassel, hegg, selje, or og vanleg krossved. I busksjiktet veks mykje bringe- og bjørnebær og nyperose. Strandvegetasjonen og utkantane mot skogen er urterike.

Registrerte artar

Krossved, bringebær, bjørnebær, nype

Kjelder

Kløve-Graue, S. 1990. Ulvik- eit bygdelandskap i Hardanger. Ulvik herad/LUF. 92 s.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 47 Ulvikapollen

Hovudtype Kyst/havstrand
Undertype Undervasseng (G02), Strandeng og strandsump (G05)

Areal 14 da
Verdi A - svært viktig

Skildring av lokaliteten

Området består av ein strandsump med utanforliggjande undervassenger og innanforliggjande strandenger. Disse tre sonene (Sublittoral, hydrolittoral og geolittoral) inneheld uvanleg fine vegetasjonsutformingar, både representative og med sjeldsynte artar (liten vasskrans). Frå sjøen og innover mot land inngår desse samfunna i soneringa: Ålegras-/skruegrasssamfunn, liten vasskrans-småhavgras-samfunn, pollsivakssamfunn-havstarrsamfunn- strandeng (mosaikk av ulike samfunn som m.a. er dominert av kveke, raudsvingel, mjødukt og strandrøyr. Stor variasjon i strandplantesamfunnet, og av dei mest fullstendige og velutvikla soneringane på Vestlandet.

Registrerte artar

Ålegras, skruhavgras, liten vasskrans, småhavgras, pollsivaks, pøylestarr

Inngrep/konflikatar

Dreneringsgrøfter frå åkerlappane i baklandet har seinka grunnvasstanden og ført til ei raskare attgroing av mellom anna mjødukt. Store drivhus ligg aust for området. I samband med dette er masse fylt ut i strandsona. Resipientundersøkingar i området viser at dei hydrografiske tilhøva er sterkt prega av den store tilføringa av ferskvatn til fjordbassenget. Dette gjer at det vert oppretthalde eit brakkvasslag i overflata heile året. Også andre typar av tilsig og utslepp, som kloakk, sigevatn frå dyrka mark, siloar og gjødsel bidreg til det same.

Forvalting/tiltak

Det meste av området ligg innanfor Ulvikpollen naturreservat.

Ved å sleppa ut ferskvatn på djupare vatn, vil ein kunne auka innblandinga av saltvatn til overflatelaget. Ein vil då mogelegvis få redusert dei store og skjemmaende algemattelaga som flyt på overflata i strandsona. Høgare salinitet i overflatelaget vil truleg også ha ein gunstig effekt på vegetasjonsutviklinga i strandsumpen ved at dette kan favorisere brakkvassartane (som er verneverdige) på kostnad av ferskvassartar og innlandsartar (som i dag er i ferd med å overta).

Kjelder

Fylkesmannens Miljøvernaveiing 1988, Naturbasen.

Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 1992-2: 1-181.

Registrert av Rannveig Djønne

Dato

Lokalitet 48 Øydvinstå-Djupevik

Hovudtype Kyst/havstrand
Undertype Kalkrike strandberg (G09), Rasmærk (B01), Rik edellauvskog (F01)

Areal 20 da
Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

På strekkja mellom Øydvinstå og Djupevik finn ein fleire stader med interessant og spesiell vegetasjon. Naturtypemessig er strekkja ein kombinasjon av edellauvskog (F01), rasmærk (B01) og kalkrike strandberg (G09). Ettersom det er dei kalkrike strandberga som utgjer den mest spesielle naturtypen for Ulvik, ynskjer ein å framheva denne. På berga langs fjorden finn ein artar som bergfrue, rosenrot, kvitbergknapp, bergmjølke, knollerteknapp, blåapp, kantkonvall,

kransmynte, bergmynte, sølvmure, legeveronika, skrinneblom, fjelllodnebregne, svartburkne. Svarterteknapp er berre funnen ein stad tidlegare i Ulvik (Sævartveit). Denne veks og på strekkja i ei lita rasmark. Berggrunnskartet syner ikkje direkte ei kalkrik grunn, men ein har ei forkasting i området som kan vera med på å forklara artsrikdommen.

Registrerte artar

Bergfrue, rosenrot, kvitbergknapp, bergmjølke, knollerteknapp, blå rapp, kantkonvall, kransmynte, bergmynte, sølvmure, legeveronika, skrinneblom, fjelllodnebregne, svartburkne, svarterteknapp

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøgne

Dato

Lokalitet 49 Fryste-Leirhola

Hovudtype Skog

Areal 11 da

Undertype Andre viktige førekomstar (H00): Område med rik soppflora

Verdi B - viktig

Skildring av lokaliteten

Hagemarks-eikeskog på vestsida av Ulvikafjorden med særleg rik soppflora. Her veks mellom anna mandelriske (einaste kjente lokalitet i Ulvik), blånande røysopp, smal soppklubbe (einaste kjente lokalitet i Ulvik), svart trompetsopp, grå trompetkantarell (V), *Pseudocraterellus sinuosus*

Registrerte artar

Grå trompetkantarell (V), mandelriske, blånande røysopp, smal soppklubbe, svart trompetsopp, *Pseudocraterellus sinuosus*

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøgne

Dato

Lokalitet 50 Austdalen

Hovudtype Fjell

Areal 2020 da

Undertype Andre viktige førekomstar (H00)

Verdi C - lokalt viktig

Skildring av lokaliteten

Austdalen er funnstad for fleire sjeldsynte karplantar, og vert difor teken med som lokalt viktig. Registrerte artar er mellom anna søterot *Gentiana purpurea*, Gul søterot, *Gentiana purpurea* f. *lutea* (eit eksemplar, berre kjent eit par andre stader i landet!), fjellkvann *Angelica archangelica norvegica*, fjellmarinøkkel *Botrychium boreale*, Vårearteknapp *Lathyrus vernus*

Registrerte artar

Søterot, gul søterot, fjellkvann, fjellmarinøkkel, Vårearteknapp

Kjelder

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøgne

Dato

Lokalitet 51 Hjeltneskaien

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 1 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C - lokalt viktig

Skildring av lokaliteten

På nordsida av Hjeltneskaien veks eit takrørsamfunn i brakkvatn. Liknande samfunn er til no berre skildra nokre få stader i Sunnhordaland. I resten av Hordaland er arten berre funnen i middels næringsrike ferskvatn. I Sogn og Fjordane er det berre kjend to brakkvasslokalitetar med takrøyr.

Kjelder

Lundberg, A. 1989. Havstrand i Hordaland. Flora og vegetasjon. DN-rapport 1989-9: 1-286.

Geir Flatabø (muntleg)

Registrert av Rannveig Djøgne

Dato

ISBN 82-8060-044-2
ISSN 0804-6387